

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Spørsmål 1.

Det er gjennomført to møter i Regionalt planforum for Hordaland om Hordfast; E39 Stord - Os. Første møte var 24.03.2015 der forslag til planprogram ble diskutert. Andre møte var 17.3.2016 da planprogrammet var vedtatt og planframlegget var i utarbeidingsfasen.

Spørsmål 2.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama Forslag til statleg plan for Hordfast i møte 23.02.2017 med 16 vedtakspunkt. Mellom anna gikk det fram at Fylkesutvalet vektla omsynet til nasjonale og regionale kulturminneverdiar, landskap og friluftsliv ved Bårdssundet og tilrådde kryssing ved senketunnel.

Fylkesutvalet i Hordaland gjorde også følgjande vedtak 2. mai 2019:

«Hordaland fylkeskommune sine innspel i høyringa til kommunedelplanen vart handsama i fylkesutvalet sitt møte den 23. februar 2017 og er oversendt SVV.

Fleire av innspela er etter vårt syn ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til i det planforslaget som SVV har oversendt kommunaldepartementet. Dette er punkt som er av vesentleg betydning for det vidare reguleringsarbeidet, finansiering og anna utgreiing som skal gjennomførast i det vidare planarbeidet med prosjektet. Fylkesutvalet ber om eit møte med kommunalministeren for å belysa desse utfordringane før ein gjer bindande vedtak for det vidare arbeidet.»

Kommunal -og moderniseringsdepartementet sendte sitt vedtak av planen i brev av 5.9.2019. Der går det fram at det i arbeidet med reguleringsplan skal legges vekt på ytterligere å begrense inngrep i i verdifull natur. Det forventes at Statens vegvesen samarbeider tett med Fylkesmannen i Hordaland for å identifisere tiltak som kan begrense negative miljøvirkninger av tiltaket. Økologisk kompensasjon skal utredes og vurderes. Det planlegges ikke for senketunnel under Bårdssundet.

Fylkesordføraren synest det er beklageleg at ikkje fylkeskommunen sine og fylkesmannen sine innspel til statleg plan er følgt opp, til tross for tydeleg uttale frå fylkesutvalet og oppmoding til møte med KMD.

Spørsmål 3.

Det er tilrådd at Regionalt planforum vert nytta i planprogram-/oppstartsfasen og før planframlegg vert lagt ut til offentleg høyring. Hordfast har vore i regionalt planforum i begge desse fasane.

I kommunale planprosessar er det vanleg med dialog- og drøftingsmøte etter høyringsfasen dersom det er vurdert at planframlegget er i strid med nasjonale eller regionale interesser og motsegn vert vurdert. I dei statlege planprosessane har ikkje fylkeskommunen eller fylkesmannen motsegsretts, men i uttalane går det tydeleg fram at det vert vurdert at planframlegget er i strid med nasjonale og regionale interesser.

Etter fylkesordførar si vurdering har Statens vegvesen oppfylt minimumskravet til medverknad i planprosessen med Hordfast. Prosessen etter høyring kunne likevel vore betre ut frå at nasjonale og regionale interesser vart råka. Kommunal- og moderniseringsdepartementet burde følgt opp innspela om møte i saka.

For framtida kan Vestland fylkeskommune vurdera å nytte Regionalt planforum for statlege planar i fasen etter høyring dersom regionale og nasjonale interesser vart råka.»